

Årsmøteprotokoll Birtedalen sti- og løypelag 16.03.2018



Det møtte 19 stk på møtet som var på Kvipt Gjestegard.

Sak 1: Val av møteleiar

Framlegg: Sverre Valvik

Sak 2: Val av to til å skrive under protokollen

Framlegg: Trude Lauvrak Moen og Åsmund Kile

Sak 3: Godkjenning av innkalling og saksliste

Ingen merknader

Sak 4: Årsmelding for 2017

Sekretær las årsmeldinga - godkjend

Sak 5: Rekneskap for 2017

Kasserar la fram rekneskapen pr 31.12.17 – revisor har revidert rekneskapen som viser eit overskot på kr 115 713,06 – godkjend.

Liste over eigendelar blei lagt fram.

Kommentar på at denne lista ikkje er pr 31.12.17 slik som rekneskapen – dette takast til vitande til neste år.

Sak 6: Val

Karl Petter Evensen la fram valkomiteens framlegg.

Styret 2017	Vald år	Framlegg til styret 2018	På val att - årstal
Grethe Lassemo	2016	Grethe Lassemo	2020
Leiv Birger Tovslid	2017	Leiv Birger Tovslid	2019
Olav Kvipt	2017	Olav Kvipt	2019
Arve Levang	2017	Arve Levang	2019
Sverre Valvik	2016	Sverre Valvik	2020
Revisor, Bertil Gilberg	2016	Revisor, Bertil Gilberg	2020
Valkomitè, Stein Helge Lassemo	2016	Valkomite, John Arthur Johnsen	2019
Valkomitè, Karl Petter Evensen	2016	Valkomite, Karl Petter Evensen	2020
Løypeansvarleg, Stein Helge Lassemo	2015	Løypeansvarleg, Stein Helge Lassemo	

Framlegget til valkomiteen blei vedteke.

Sak 7: Friviljug løypestønad

Styrets ynsker å diskutere løypestønaden for 2019 på årsmøte.

Forslag:

- a) kr 500,- pr vaksen
- b) kr 600,- pr hytte
- c) kr 500,- pr hytte + kr 100,- pr vaksen løypebrukar
- d) frivillig beløp

Årsmøtet diskuterte saka. Korleis få fleire til å betale?

I 2017 er det 144 innbetalingar. Påminne kvarandre, påminne om moglegheiten for å inngå autogiroavtale, legge ut informasjon på facebook og heimeside.

Vedtak: Frivillig løypestønad for 2019 blir kr 500 pr hytte (hytteeigaren) + 100,- kr pr vaksen løypebrukar i tillegg.

Sak 8: Planar for 2018

- Vedlikehalde eksisterande trasèar.
- Forbetre løypa mot Kvipt og mot Linnårskaret, gravearbeid Kvipt/Bjåneset.
- Birtevatn rundt – sjå på moglegheitane for ein trasè, skuterbefaring og barmarksbefaring.
- Finmasse i endane av brua i Osen.
- Forbetre trasèen frå Osen, langs vatnet og opp til Solliåsvegen, gravearbeid.

Dugnad 11.august og 1.-2.september (overnatting Granbustøyl for dei som vil)

Sak 9: Innkomne saker

Ingen

I møtet:

-Køyring av løypa fredag kan ha konflikt med brøyting av vegar.

-Få inn pengar til laget; Ta ut kart på nett over området for å selje på basaren – konklusjon: ikkje lov.


Fyresdal Turlag har fine Aust –Vest Fyresdal kart. Ta med desse for å selje på basaren.

-Kaupe inn fleire skuterar til løypekøyring? Løypekøyringa slit på skuterane – konklusjon: dette må styret ta opp på neste styremøte.

Ref: Grethe Lassemo

29.03.18

Underskrifter:



Trude Lauvrak Moen



Åsmund Kile